



Sandakaien er klar for frukost – igjen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Vi freistar pånytt, alle er velkomne til gratis frukost på Sandakaien laurdag mellom klokka 10 og 12. Det seier dagleg leiar for SPAR Bente Nilsen til uskedalen.no fredag ettermiddag.

Eigentleg skulle denne frukosten ha vore avvikla sist laurdag, men då vart veret så heftig at den måtte avlysast. No er atterhaldet det sama som sist: Blir det dårleg ver, kan det bli ei ny avlysing.

Det var båtlaget som eigentleg kom på ideen og gjekk til SPAR, som tok spanderbuksene på. Frukosten kan også tolkast som ein innvigningsfest for Sandakaien, som er rusta op for nesten ein million denne sommaren. Og opprustinga har vorte ein stor suksess, så langt har kaien hatt nærare 100 overnattingsdøgn.